



LINDÅS KOMMUNE

RETNINGSLINER FOR

SYSTEMATISK ARBEID MED ELEVANE SITT SKULEMILJØ

OPPLÆRINGSLOVA KAPITTEL 9A. ELEVANE SITT SKULEMILJØ
GRUNNSKULEN I LINDÅS

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



INNHOLD

| | |
|---|---|
| Innleiing..... | 1 |
| Lovgrunnlag..... | 3 |
| Opplæringslova | 3 |
| Forvaltningslova..... | 2 |
| Kommunehelsetenestelova | 2 |
| Informasjonsbrosjyre..... | 2 |
| Elevane sitt skulemiljø..... | 4 |
| Opplæringslova § 9a-2 Det fysiske miljøet | 4 |
| Opplæringslova § 9a-3 Det psykososiale miljøet | 5 |
| Ordensreglement for grunnskulen i Lindås | 6 |
| Skulemiljøutval og brukarmedverknad | 7 |
| Opplæringslova § 11-1a:..... | 7 |
| Kommunalt foreldreutval..... | 7 |
| Skuleeigar - eit overordna ansvar | 8 |
| Skuleeigar si oppfølging av skulane sitt arbeid med elevane sitt skulemiljø | 8 |
| Vedlegg og ressursar..... | 9 |

INNLEIING

Kap.9a i opplæringslova vert ofte kalla ”elevane si arbeidsmiljølov”. Lova seier at ”alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.” Lova gjev elevane ei rett til eit positivt og godt skule- og læringsmiljø. Saman med paragrafane 11-1a og 11-5a gjev den også elevane og foreldra rett til medbestemming og rett til å klage når skulen ikkje arbeidar tilfredsstillande med skulemiljøet.

Retten gjeld både det fysiske og psykososiale miljøet. I dette ligg det at skulemiljøet skal bidra til ei positiv utvikling av elevane si helse, trivsel og læring:

- Eit skulemiljø som fremjar helse er eit skulemiljø som ikkje gjev elevane skader, sjukdomar eller helseplagar
- Eit skulemiljø som fremjar trivsel er eit skulemiljø der alle trivst og gjer sitt til at elevane opplever skulen som ein meiningsfull stad å vera
- Eit skulemiljø som fremjar læring er eit skulemiljø som gjev elevane gode tilhøve for læring

Dersom elevane meiner at rettane deira ikkje er sikra, kan dei sjølve eller foreldra deira be skulen retta opp moglege brot på lova.

Føremålet med denne rutineskildringa er å gje skulane tydelege retningslinjer for arbeidet med elevane sitt skulemiljø. Gjennom tydelege krav, god informasjon og aktiv deltaking på alle nivå skal skuleeigar og skulane i Lindås saman syta for at elevane sine rettar etter lovverket vert oppfylte.

LOVGRUNNLAG

OPPLÆRINGSLOVA

Opplæringslova kapittel 9a **Elevane sitt skulemiljø** presiserar at kvar enkelt elev har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø. Dersom elevane meiner at rettane deira ikkje er sikra, kan dei sjølve eller foreldra deira be skulen retta opp moglege brot på lova.

Opplæringslova § 11-1a om Skulemiljøutval inneheld føresegner om at alle skular skal ha eit skulemiljøutval. Skulemiljøutvalet skal medverka til at skulen, dei tilsette, elevane og foreldra blir aktivt med i arbeidet for å skapa eit godt skulemiljø.

FORVALTNINGSLOVA

Føremålet med forvaltningslova er å gje den enkelte større rettstryggleik i møtet med den offentlege forvaltninga. Lova inneheld reglar for sakshandsaming og mellom anna pålegg ho skulen å informera om rutinane for enkeltvedtak , og at det er høve til å klage på slike enkeltvedtak.

KOMMUNEHELSETENESTELOVA

"Forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule"

Forskrifta formulerer konkrete krav til det fysiske og psykososiale miljøet i skulen. Desse føreseggnene og kapittel 9a utfyller kvarandre og må derfor vurderast i samanheng.

INFORMASJONSBROSJYRE

Utdanningsdirektoratet har laga ein informasjonsbrosjyre til elevar og foreldre/føresette om §9a i opplæringslova, kva for rettar elevar og foreldre/føresette har, og korleis ein kan gå fram for å meld frå om, eventuelt klage på tilhøve ein ikkje er fornøgd med - UDIR Elevane sitt skulemiljø.

Informasjon frå brosjyren er nytta i denne rutineskildringa.

ELEVANE SITT SKULEMILJØ

OPPLÆRINGSLOVA § 9A-2 DET FYSISKE MILJØET

Skulane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.

Om ein eller fleire elevar eller foreldra deira, meiner at skulen har eit fysisk skulemiljø som gjev dei ubehag, kan dei sjølve be skulen om tiltak for å betra tilhøva. Ei slik oppmoding bør vere skriftleg. I brevet skal dei peika på det som ser ut til å vera i vegen med det fysiske skulemiljøet, og gjerne koma med framlegg til kva som bør gjerast. Skulen skal handsama oppmodinga etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Dersom den som ber om tiltak ikkje er nøgd med tiltaket, har han eller ho rett til å klage.

Lokale mål for skulebygg og uteareal i Lindås (Kommunedelplan for skule 2010-2020)

- Skulebygg og uteareal må stetta lovpålagede tekniske krav, krav om tryggleik og krav om eit godt inneklima (internkontroll)
- Skulebygg og uteareal må utgjere eit heilskapleg læringsmiljø

Kommunen har i kommunedelplan for skule (2010-2020:29) skildra prinsipp som skal leggast til grunn for utforming av skuleanlegg i kommunen. Med utgangspunkt i prinsippa skildrar planen også føringar for ombygging, tilbygging og påbygging av skuleanlegga, samsvar mellom bygg og pedagogikk, utforming av bygningsmassen og utforming av skulen sitt uteområde (ibid., s.30-38).

OPPLÆRINGSLOVA § 9A-3 DET PSYKOSOSIALE MILJØET

Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnehene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

Rektor har ansvar for:

- Kompetansetiltak tilsette -Førebyggje, avdekke og stoppe krenkingar og mobbing
- Informasjon til føresette, rådsorgan, klassenivå (t.d. informere om rett til å klage, korleis ein går fram ved ein klage)
- Rettleiing til føresette (t.d. hjelp til å setje fram klage)
- Å etablere og følgje opp system for systematisk arbeid for godt skolemiljø
 - Førebyggjande arbeid i klassane/skulen
 - Rutine for å :
 - Avdekke krenkingar og mobbing
 - Følgje opp melding om krenking/mobbing – Ta stilling i saka
 - Sikre at eleven si stemme kjem fram
 - Sikre støtte til elevar som blir utsett for mobbing
 - Stoppe krenkingar og mobbing frå medelevar
 - Stoppe krenking og mobbing frå vaksen
 - Skildre metode for samarbeid med heimen (sikre at føresette har tillit til skulen gjennom arbeidet med ei sak)
 - Munnleg dialog med involverte tilsette
- Å fatte enkeltvedtak og gjennomføre klagehandsaming der klagar får medhald, kopi til einingsleiar. Rektor skal involvere einingsleiar *før* svaret går heim, der rektor ikkje finn å kunne gje medhald i klagepunkt. Vidare oppfølging av klagen i dialog med einingsleiar



Skuleeigar har ansvar for:

- Kompetansetiltak leiarar – sakshandsaming
- Kompetansetiltak sektor – avdekke, førebyggje, handtere, følgje opp krenkingar og mobbing
- Å etterspørje/gje tilbakemelding kompetansetiltak/metodikk A yellow speech bubble icon with three horizontal lines inside, indicating a spoken word or communication.
- Å etterspørje/ gje tilbakemelding systematisk arbeid for godt skolemiljø og førebygging/handsaming av krenkingar og mobbing, inkl. krenkingar frå vaksen og byggje tillit i dialogen heim/skule
- Å vurdere klagehandsaming (dei alvorlege sakene, eller der heim og skule ikkje er samde) saman med rektor
- Å sende dokument klagehandsaming til Fylkesmannen, kopi til føresette



Kommunestyret gjorde 25.11.2010 vedtak om eit felles ordensreglement som skal vere til hjelp for skulane og bidra til å stetta elevane sine rettar etter kapittel 9a i opplæringslova (KS 122/10).

ORDENSREGLEMENT FOR GRUNNSKULEN I LINDÅS

Føremål:

Grunnskulen i Lindås skal ha eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulane skal vere prega av eit positivt og utviklende samarbeid mellom alle brukarar; elevar, foreldre og tilsette.

Det skal vere ein tydeleg samanheng mellom arbeidet med skulen sitt læringsmiljø, ordensreglementet og den enkelte elev si sosiale utvikling.

I tillegg til felles ordensreglement for alle skulane i Lindås, skal kvar skule utarbeide sine lokale reglar for trivsel, orden og åtferd. Skulen sitt samarbeidsutval gjer endeleg vedtak om skulen sitt eige ordensreglement.

Dersom ein eller fleire elevar kjenner seg sjikanerte av krenkjande ord eller handlingar utan at skulen grip inn og stoppar krenkingane, kan dei sjølvre eller foreldra vende seg skriftleg til skulen. Brevet bør peika på kva eleven kjenner seg krenkt av. Skulen må gjere eit enkeltvedtak når det kjem eit slikt brev. Dersom det ikkje blir gjort, eller dersom dei som sende det, ikkje er fornøgde med vedtaket, kan dei klaga på vedtaket.

SKULEMILJØUTVAL OG BRUKARMEDVERKNAD

OPPLÆRINGSLOVA § 11-1A:

Ved kvar grunnskole skal det vere eit skolemiljøutval. I skolemiljøutvalet skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skoleleiinga og kommunen vere representerte. Skolemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal.

Alle skular skal ha eit skolemiljøutval. Representantane skal ha opplæring, ta del i planlegging og gjennomføring av skulen sitt systematiske arbeid for å sikra elevane sitt arbeidsmiljø. Samarbeidsutvalet kan ta funksjonen som skolemiljøutval, men da må det oppnemnast tilleggsrepresentantar for elevane og foreldra, slik at dei blir i fleirtal.

KOMMUNALT FORELDREUTVAL:

Hausten 2016 blir det etablert eit kommunalt foreldreutval i Lindås kommune, med representantar frå barnehagar og skular, private og kommunale. Det kommunale foreldreutvalet vil vere eit organ for medverknad og dialog kring felles prioriteringar og tiltak.

SKULEEIGAR - EIT OVERORDNA ANSVAR

Skuleeigar har eit overordna ansvar for skulane og skal etter opplæringslova §13-10 ha eit forsvarleg system for å vurdera om krava i opplæringslova vert oppfylt og for å følgje opp resultat frå desse vurderingane.

SKULEEIGAR SI OPPFØLGING AV SKULANE SITT ARBEID MED ELEVANE SITT SKULEMILJØ

I dei halvårige kvalitetsvurderingssamtalane mellom skule og skuleeigar skal skulemiljø / læringsmiljø vere ei fast sak.

Med utgangspunkt i Elevundersøkinga og ev lokale undersøkingar skal skulen leggje fram ei vurdering av skulemiljøet, lokale mål for arbeidet og kva tiltak skulen arbeider med eller har under planlegging.

Andre aktuelle tema til drøfting:

- Kva er sentralt i skulen sitt eige ordensreglement?
- Korleis driv skulen eit kontinuerlig og systematisk arbeid for å fremja helsa, miljøet og tryggleiken til elevane? (Internkontroll)
- Korleis vert melding om krenkjande åtferd handtert? Mobbeplan?
- Korleis er brukarane (elevar, foreldre, tilsette) involvert i arbeidet med utvikling av eit trygt og godt skulemiljø?

VEDLEGG OG RESSURSAR

1. Mal enkeltvedtak

2. Ressursar

[Rundskriv Udir -2-2010](#) Retten til eit godt pyskososialt miljø etter opplæringslova kap.9a

[Rettleiar](#) til opplæringslova kap.9a

[Forskrift](#) om miljøretta helsevern i barnehagar og skular

[Materiell](#) for heilskapleg arbeid med læringsmiljøet